



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår dato:

06.05.2021

Vår ref:

2019/7773

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Høyring av frivillig skogvern for Lykkja i Årdal

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Lykkja. Du er velkommen til å sende innspel i høyringsfasen innan 1. juli 2021.

Tilbodsområdet på Lykkja er lokalisert gards- og bruksnummer 11/5, 11/1, 11/4 og 11/3 i Årdal kommune. Arealet er eigd av ein privat grunneigarar, samt Årdal kommune. Dei har underskrive tilbod om vern av Lykkja som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Høyringa gjeld eit areal med storleik på 1685 dekar skog. Kart med høyring av vernegrenser ligg vedlagt.

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald Meld. St. 14 (2015-2016), vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. I 2020 var omlag 5,0 prosent av skogarealet og ca. 3,8 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Til årsskiftet 2021 runda vi 3,0 prosent skogvern i Vestland.

Det er eit nasjonalt miljømål at et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar. Vern av skog er også viktig for å nå andre miljømål vedtekne av Stortinget.

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Frivillig vern inneber at grunneigarane tilbyr staten vern av eigen skog. Det har vore satt av nær ein halv milliard per år dei to siste åra til skogvern over statsbudsjettet, noko som syner at dette blir høgt prioritert av Stortinget.

Frivillig skogvern

Dei siste åra har frivillig skogvern vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern kor staten er heilt avhengig av at grunneigaren sjølv ønskjer dette. Grunneigarane har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten. Det er AT Skog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane, og som ser til at interessene til grunneigarane blir ivareteke.



Artsdatabanken som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar, og fysiske inngrep som fylgje av utbygging og skogbruk er blant viktige faktorar. Difor er det å ta vare på levestadane til artsmangfald i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å sikre Vestlandsnaturen for framtida.

Verneverdiar i Lykkja

Lokaliteten er ein del av eit større, typisk edellauvskogsmiljø i fjordliane og ligg eit steinkast frå Utladalen landskapsvernområde. Området er i hovudsak bratt og består av ein del lausmassar og skredmark. Det er også små bekdedrag og eit fuktig areal i nedre delar som består av gråor-heggeskog. I edellauvskogen er det frodig med lågurt- og høgstaudepreg. Det er registrert fleire interessante artar knytt til edellauvskogen, mellom anna seks raudlista artar, der dei fleste treng gamal alm for å overleve. Det registrerte kjerneområdet i Lykkja inneheld den varmekjære skogtypen gråor-almeskog, som inngår i den raudlista naturtypen frisk rik edellauvskog. Gråor-almeskog er ein mangelnaturtype og er dårleg dekt av vern i Vestland. Tilbodseigedommen 11/5 oppnår i Miljøfaglig Utredning (MFU) sin rapport ein høg mangeloppfylling på naturtypen gråor-almeskog. Denne mangeloppfyllinga oppnår endå høgare verdi når området no er utvida.



Figur 1: I nedre delar av tilbodsområdet Lykkja er det gråor-heggeskog. I denne naturtypen er det eit rikt fugleliv, og det er registrert like mange fugl i gråor-heggeskog som du finn i tropisk regnskog. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm.

Området har lite høgproduktiv skog og låg bonitet. I den første kartlegginga i 2002 av Siri W. Bøthun fekk området verdivurdering B (viktig). Området fekk berre éin av tre stjerner i vurderinga frå MFU, m.a. grunna lite areal (avgrensa til berre 217 dekar) og middels arrondering. MFU skriv også at *det blir en unaturleg grense mot varmekjær skog som fortsetter videre østover, innover i Utladalen. Dette slår negativt ut på samlet areal med verdifulle naturtyper*. Statsforvaltaren har difor jobba for å utbetre storleik, arrondering og naturtypeavgrensinga. Eigedommen eigd av Årdal kommune innover mot



Utladalen bidreg til å betre arronderinga og dermed auke verdien betydeleg. Framlegget til verneområde er no på 1685 dekar. MFU skriv at det er eit potensiale for auke i naturkvalitetar over tid, særleg ved å skånsamt gjenoppta styving av gamle almetre og sørge for rekruttering av ny alm.

Det er ikkje registrert framande artar. Statsforvaltaren vurderer Lykkja til å ha vernekvalitetar på nivå B (regional verdi med 2, kanskje 3 stjerner). Ved å verne gråor-almeskog oppnår vi høg oppfylling på mangelnaturtypar. Området vil også kunne tene som referanse- og forskingsområde for påverknaden av fluor- og luftureininga frå industrien i Årdal.



Figur 2: I disse borehola i Lykkja legg insekt eggja sine. Dei murar holet att for å verge egg og larver frå å bli spist av andre. Ein del insekt har til og med yngelpleie, slik at dei legg att ei matpakke før dei murar att holet. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for Lykkja.

Konsekvensar av vernet

For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sanking av matsopp og bær. Turstiar som er i området skal også kunne haldast ved like.



Brukarinteresser

Forskrifta opnar for skånsam beiting med beitedyr, samt utplassering av saltstein i samband med dyrehaldet. Forskrifta har også ei opning for å kunne vedlikehalde gjerde, og kunne søkje om oppsetting av nye gjerde dersom det er aktuelt i samband med husdyrhald. Dersom beitedyr blir sjuke eller skadde kan ein få frakta ut disse frå naturreservatet med motoriserte hjelpemiddel dersom det trengs. Det er ingen skogsbil- eller traktorvegar, og størstedelen av skogen er vanskeleg tilgjengeleg dersom skogbruk hadde vore eit aktuelt alternativ for grunneigarane.

Det er ikkje registrert kulturminne i området i offentlege databasar, men det utelukkar ikkje at det kan være kulturminne i området. Disse vil kunne bli sett i stand i samråd med kulturminnemynde. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser i området.

Det vil være mogeleg å drive jakt og frakte ut jaktutbyte med beltegåande terrengkjøretøy. Det meste av området er bratt og utilgjengeleg, men det er tursti vest frå garden Lykkja og opp mot Moakamben. Det er også merkt sti mot Åsen som kjem innom det føreslegne naturreservatet i sør. Disse er avmerkt på vernekartet. Det er opning i verneforskrifta for å brenne bål med nedfallskvist eller medbragt ved.

Det er observert ein del beiteskadar frå hjort i dei mest tilgjengelege delane av Lykkja, og det vart observert lite forynging av prefererte treslag i disse areala.

Når det gjeld namn på verneområdet foreslo vi Lykkja etter garden som opphavleg låg sentralt i området før kommunen sitt areal vart inkludert. Grunneigarane har støtta namnforslaget, og Språkrådet kom ikkje med alternative tilrådingar i oppstartsfasen.

Innspel til oppstartsmeldinga

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 9. april 2021. Innan fristen den 1. mai 2021 fekk vi 5 innspel. Ingen av innspela er kritiske til opprettninga av Lykkja som naturreservat. Alle innspela kom innan fristen.

Havforskingsinstituttet skriv den 13. april at dei ikkje kjem med innspel på skogversaker.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi har fjerna Havforskninsinstituttet frå adresselista til høyringa.

Landbruksdirektoratet har, i brev datert den 22. januar 2021, nokre generelle innspel. Dei ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva landbruksinteresser det er i området. Dei går også ut i frå at landbruks- og reindriftsfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet.

Norges vassdrags- og energidirektorat skriv i uttale datert den 21. april 2021 at så langt dei kjenner til er det ingen eksisterande konfliktar mellom opprettning av verneområdet og interesser knytt til energi og vassdrag med eksisterande og planlagde energi- og nettanlegg, vasskraftverk, hydrologiske



målestasjonar eller liknande. NVE skriv at det er bra at Årdal Energi Nett og Statnett SF er på høyningslista og oppmodar dei til å gje uttale i saka sjølv i tilfelle utan interessekonflikt.

Direktoratet for mineralforvaltning kom med innspel i brev av 30. april 2021 at dei ikkje kan sjå at det føreslegne verneområdet kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Dei har såleis ingen merknadar til det konkrete verneframlegget.

Norsk Bergindustri skriv i brev datert 30. april 2021 at det er svært viktig at ei verneforskrift tek omsyn til framtidige mogelege geologiske drivverdige førekomstar. Dei vil at §§ 4, 6-8 tek omsyn til utvinning og tilgang til eit eventuelt utvinningsområde i eit framtidig naturreservat.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Området er sjekka ut i kartdatabasar, og har ingen geologiske førekomstar registrert. Vi meiner at det vil være vanskeleg å leggje inn heimel til mineralutvinning med tilkomstveg i verneforskrifta.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på det frivillige skogvernet slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil Statsforvaltaren vurdere innspela og ta endeleg stilling i si tilråding av vern til Miljødirektoratet.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på [nettstaden](#) vår. Her kan du også sende inn innspel til denne høyringa. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlp@statsforvalteren.no

Frist for å kome med innspel er 1. juli 2021.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyingspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Frivillig vern, høyingskart Lykkja
- 2 Forskrift om vern av Lykkja naturreservat, høyring

**Mottakarliste:**

AT SKOG SA AVD SOGNDAL	Røynstrandsvegen 19	5736	GRANVIN
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
MYRBAKKEN SEVERIN	SVENDSTU OPPHUS	2450	RENA
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Severin Myrbakken			
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
AT Skog SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Ornitoligisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO



STIFTINGA UTLADELEN NATURHUS	Postboks 28	6882	ØVRE ÅRDAL
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Det norske skogselskap			
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Mary Helene Moe	Ullevålsveien 65	0454	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
ÅRDAL ENERGI NETT AS	Utladalsvegen 1	6884	ØVRE ÅRDAL
ÅRDAL KOMMUNE	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	ÅRDALSTANGEN
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Årdal turlag			
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO



Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Friluftslivets	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Fellesorganisasjon			
Friluftsrådenes	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Landsforbund			
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk institutt for	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
naturforskning			
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Stadnamntenesta på	Postboks 7805	5020	BERGEN
Vestlandet			
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
VESTSKOG SA	Kokstadflaten 36	5257	KOKSTAD